

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 19.04.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Brit Pedersen  
**SAKA GJELD:** **Prosjektorganisering protonserter**

**STYRESAK:** 49/18 0

**STYREMØTE:** 27.04.2018

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Bergen HF tar sak om prosjektorganisering når det gjeld etablering av protonserter til orientering.

## **Oppsummering**

Denne saka omhandlar prosjektorganisering for etablering av protonsentar ved Haukeland universitetssjukehus.

## **Fakta**

Styret i Helse Vest RHF godkjente i styresak 039/18 etablering av protonsentar ved Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen HF, i tråd med vedtak gjort av styret i Helse Bergen HF i sak 24/18.

## **Kommentarar**

I styresak 24/18 blei det gjort greie for organisering av vidare arbeid med etablering av protonsentar ved Haukeland universitetssjukehus. Styret i Helse Bergen HF bad i styremøte 22.02.18 om ei sak som tydeleggjer roller og ansvar i styringsstrukturen.

## **Utbyggingsprosjektet i Helse Bergen**

Utbyggingsprosjektet skal styrast gjennom den ordinære styringsstrukturen for større investeringsprosjekt som er etablert i Helse Vest RHF. Dette betyr at Helse Bergen HF er byggherre og står ansvarleg for innkjøp av utstysr til eige senter.


Anskaffing av utstyr blir vidareført som eit felles prosjekt. Sykehusbygg HF er engasjert til å gjennomføre den felles utstysranskaffinga. Det er prosjektorganisasjonane i Helse Bergen og Helse Sør-Øst som er prosjekteigarar. Utstysranskaffinga definerer premissane for bygget og det tekniske anlegget. Det er derfor nødvendig at dette blir gjennomført som ein integrert del av prosjektgjennomføringa. I det daglege arbeidet skal utstysrprosjektet forholde seg til definerte personar i prosjektorganisasjonane til Helse Sør-Øst RHF og Helse Bergen HF.

Dei respektive prosjektorganisasjonane er opptatt av å samarbeide tett om gjennomføringa og vil identifisere område som eignar seg for samordning. Det blir lagt vekt på å dele erfaringar, kunnskap og metodar for å sikre synergjar. For å sikre god styring og samordning, blir det etablert ei koordineringsgruppe for prosjekta.

Når det gjeld leiinga av byggjeprojektet, er vi i dialog med Sykehusbygg HF om korleis vi på ein føremålstenleg måte kan knytte prosjektleiinga til Sykehusbygg HF.

Utbyggingsprosjektet blir organisert i «Program for protonterapi». Utkast til programdirektiv ligg vedlagt saka.

**Figur 1. Program for protonterapi- utbyggingsprosjektet**




## Nasjonal verksemdutvikling

I tida frem mot etablering av protonsentra i Noreg, er det nødvendig med nasjonale aktivitetar for å sikre likeverdig protonbehandling til norske pasientar og vektlegging av kunnskapsutvikling på protonterapifeltet.

Det blir oppretta ei styringsgruppe for verksemdutviklingsprosjektet. Denne gruppa består av dei fire administrerande direktørane for regionssjukehusa: Oslo universitetssykehus, Haukeland universitetssjukehus, St. Olavs Hospital og Universitetssykehuset Nord-Norge. Administrerande direktør møter i styringsgruppa med sine fullmakter. Styringsgruppa kan eventuelt supplerast med leiarane for kreftavdelingane ved Oslo universitetssykehus og Haukeland universitetssjukehus og ein representant frå den mest relevante pasientorganisasjonen.

Styringsgruppa utnemner prosjektleiing for prosjektet. Prosjektgruppa består av leiarane for dei ulike arbeidsgruppene i det nasjonale verksemdutviklingsprosjektet og lokale prosjektleiarar/programleiarar frå Oslo og Bergen. På denne måten vil vi sikre nær relasjon mellom dei lokale byggeprosjekta og det nasjonale verksemdprosjektet.

**Figur 2. Nasjonal verksemdutvikling**



### ***Kliniske studiar og behandlingsprotokollar***

Det nasjonale arbeidet med kliniske studiar blir vidareført fram til oppstart av protonsentra i Noreg. Av dagens ordinære stråleterapipasientar, er det få som inngår i kliniske studiar, og for å oppnå at brorparten (85 %) av protonpasientane skal inngå i slike studiar, er det behov for eit omfattande arbeid på området.

### ***Nasjonalt samarbeid; distribuert kompetanse og likeverdig behandlingstilbod***

Dette arbeidet har som oppgåve å kartlegge, planlegge og gjennomføre søknadsprosessen for å få protonterapi godkjent som fleirregional behandlingsteneste ved dei to protonsentra i Noreg og å arbeide med kompetanseplanar for alt stråleterapipersonell i Noreg. Ein fleirregional behandlingsteneste for protonterapi skil seg frå andre nasjonale og fleirregionale behandlingstenester ved at det i større grad er behov for å bygge opp kompetanse og sikre vidare fagutvikling på alle regionsjukehus innan protonterapi – og at kompetansen om dette også skal spreia ut til dei mindre stråleterapisentra utanom regionsjukehusa.

### ***Nasjonalt samarbeid og preklinisk- og basalforskning***

Det blir etablert ei arbeidsgruppe for nasjonalt arbeid omkring bruk av forskingsrom, med relasjon til finansiering og organisering av forskinga der dei aktuelle forskingsmiljøa (basal- og preklinisk forskning) blir involvert. Dette for å sikre optimal utnytting av den nasjonale forskingsinfrastrukturen som blir bygd opp og at kunnskapsutviklinga rundt protonterapi i nasjonal og internasjonal samanheng blir ivarettatt som intendert i protonprosjektet.

### ***Nasjonale finansieringsordningar for protonbehandling og forskning***

Det blir etablert ei arbeidsgruppe som arbeider med finansieringsordningar for drifta av protonbehandling før oppstart, under opptrapping av drift og ved full drift.

Det er fleire aspekt som omhandlar IKT-løysningar med spesielt fokus på personvern og finansieringsordningar av behandling og forskning. Dette må adresserast nasjonalt og må tilpassast lokal IKT-infrastruktur og dei lokale byggeprosjekta.

Vedlegg

1. Utkast til programdirektiv